



## Mandat for oppmålingsgruppa i Sogn regionråd

Faggruppa skal:

- Vera ein arena for utveksling av erfaringar og informasjon
- Utvikla kunnskap og kompetanse innanfor fagområde
- Vera ein lærings- og utviklingsarena
- Initiera prosjekt innanfor fagområdet

Deltakarane i nettverket har eit særskilt ansvar for å informera/drøfta og avklara saker som vert tekne opp i faggruppa i eigen kommune. Deltakarane har ansvar for å bringa/ta opp eigne kommunale saker i nettverket.

### 2. Organisering

Kvar kommune oppnemnar ein til to representantar til nettverket. GIS-kordinator i Sogn regionråd deltek på møta.

Faggruppa har møte etter ein møteplan. Faggruppa vel sjølv leiar og nestleiar for eitt år. Leiar og nestleiar har ansvar for planlegging og gjennomføring av møte.

Ansvar for praktisk tilrettelegging for møta og skriva referat går på omgang mellom kommunane.

### 3. Saksgang

Prosjekt initiert av faggruppa som krev ressursar skal leggjast fram for rådmannsgruppa i Sogn regionråd for godkjenning.

Nettverket skal samordna sine prosjekt/tiltak med andre prosjekt og nettverk i Sogn regionråd.

### 4. Økonomi

Kommunane dekkjer sjølve kostnader for deltaking i nettverket og eventuelle prosjekt. Større prosjekt bør finansierast av eksterne midlar.

### 5. Rapportering og evaluering

Faggruppa rapporterar årleg om sin aktivitet og sine planar til rådmannsgruppa.

*Godkjent i rådmannsgruppa i Sogn regionråd 17.4.2014*